



Trond Andre Viken
Mykingvegen 820
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/10065 - 20/80312

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
17.12.2020

Vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 31/4 Li (Dalsgrend)

Administrativt vedtak: Saknr: 1376/20
Tiltak: Avvik på lokk i septiktanken
Byggjestad: Gbnr: 31/4
Tiltakshavar: Trond Andre Viken

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 28-6 første ledd krev kommunen at septiktanken vert forsvarleg sikra. Frist for sikring er satt til 31.12.2020. Alver kommune skal underrettast når arbeidet er utført.

Med heimel i plan- og bygningslova § 32-5 vert det fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt, i form av ei eingongsmulkt stor NOK 15 000,- og ei dagmulkt stor NOK 200,- pr dag dersom det ikkje vert monterert forsvarleg lokk på tanken omgåande, og kommunen ikkje har motteke biletdokumentasjon på dette innan 31.12.2020. Tvangsmulkta startar å løpe frå og med 01.01.2021.

Grunngjeving for pålegg om rydding og ilegging av tvangsmulkt]

Viser til vårt brev av 05.06.2020 der vi opplyser om at vi har motteke melding frå Norva24 AS om at det ved siste tømning vart registrert at det septiktanken manglar sikring, som gjer at den no står heilt open med fare for at menneske eller dyr kan falle ned i septiktanken. Frist for utbetring vart satt til **20.06.2020**.

Norva24 AS har opplyst om at same avviket var registrert ved tømning i 2018.

Saksutgreiing

Vi viser til førehandsvarsel om pålegg om opprydding av 10.11.2020, med frist for retting **innan 15.12.2020**. I førehandsvarselet ber me om tilbakemelding om at dette er gjort. Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding innan fristen.

Andre opplysningar

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfullbyrdslova § 7-2. Tvangsmulkta kan inndrivast utan opphald av Statens innkrevingsentral.

Den som unnlatar å treffa tiltak som han er pliktig til etter forureiningslova § 7, kan straffast med bøter eller fengsel i inntil 1 år, jfr. plan- og bygningslova § 32-9.

Tilbakemelding

Når retting er utført, må eigar sende inn dokumentasjon for utført arbeid og returnera det til kommunen innan den nemnde fristen. Legg ved biletedokumentasjon som syner at septiktanken er reparert og forsvarleg sikra. I dette brevet finn du informasjon om kva du kan gjere for å unngå pålegg.

Dokumentasjon og bilete sendast til:

E-post post@alver.kommune.no

Brev Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikta til å sikre basseng, brønn og dam følgjer av plan- og bygningslova § 28-6.
- Pålegg om retting følgjer av plan- og bygningslova § 32-3.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av plan- og bygningslova § 32-5.
- Overtredelsesgebyr og straffeansvar for brudd på § 28-6 framgår av plan- og bygningslova §§ 32-8 og 32-9.

Dersom du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på epost.

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfullbyrdelseslova § 7-2. Tvangsmulka kan inndrivast utan opphald av Statens innkrevingsentral.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/10065

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Trond Andre Viken

Mykingvegen 820

5913

EIKANGERVÅG